

Signering av Dr. Haugen boka på Kafe Tiaren, tysdag 7. mai.

06.05.2019



Dr. Haugen boka vert seld og signert på Kafe Tiaren, tysdag 7. mai.

**Det vert signering og sal av boka om Dr. Haugen i morgon på Kafe Tiaren. Kristian Hus, Thor Inge Døssland og Kristian Bringedal vil vera på plass. Dei som har kjøpt boka, men manglar signering, kan ta boka med. Bokprosjektet er godt motteke i heile kommunen og salet går strykande.**

Frå boka om Dr. Haugen vart lansert for knappe to veker sidan er tett på 500 bøker utlevert frå lager. Vi kan grovt rekna at 400 bøker av eit opplag på 800 er selde. Boknemnda mottok kvar dag gode tilbakemeldingar. Mange skriv at dei kosar seg med boka og les den frå perm til perm.

Mange har alt teke kontakt med nye historier noko som fortel oss at dei gode og fyndige replikkane lever i folks minne. Dermed held innsamlinga fram. Dei som har minne om dr. Haugen å fortelje, kan kontakta Thor Inge Døssland på telefon 932 88 237 eller på epost thordossland@gmail.com. Det vert vurdert i kva form nytt innsamla materiale skal publiserast, anten i bok, dersom det vert nytt opplag, eller på nettet.

Boka er lagt ut for sal på SPAR Uskedalen og på bokhandelen i Rosendal og på Husnes. Boka kan også kjøpast i Ølve, på Hatlestrand og Varaldsøy. Boka kan i tillegg tingast på forlaget skimtviss.no .

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Nina Børsheim